

# Målbruksplan

Kvinnherad kommune

Vedtøken av kommunestyret 26.05.2016

Sak: 15/3304



KVINNHERAD  
KOMMUNE

# Innhold

---

Bakgrunnen .....	3
Kvinnherad kommune og tenestemålet .....	3
Målform .....	3
Språkpolitiske mål .....	3
Retningslinjer for bruk av nynorsk tenestemål i Kvinnherad kommune .....	3
Tiltak.....	4
Informasjon.....	4
Opplæring.....	4
Hjelpemidler .....	4
Profilering og marknadføring .....	5
Materiell.....	5
Skular og barnehagar.....	5
Stadnamn .....	5
Samarbeid.....	5
Vedlegg: Tilråding om val av nokre former skriftleg.....	6

## Bakgrunnen

---

I Kommunestyremøte 26.11.2015 vart administrasjonen oppmoda om å laga sak om *Målbruksplan i Kvinnherad kommune*. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Kvinnherad mållag og er ein del av markeringa: **130 år sidan Fjelberg kommune gjorde vedtak om å ta i bruk nynorsk som tenestemål**. Det vert vidare synt til sak i Kommunestyret 17.12.2015 med vedtak om at det skal lagast slik målbruksplan.

## Kvinnherad kommune og tenestemålet

---

Storingsvedtaket frå 12. mai 1885 ( Jamstellingsvedtaket ) der dei to skriftspråka vart jamstelt er grunnlaget for vidare arbeid med Målbruk i offentlege tenester. Same året, alt 15. desember 1885, gjorde heradsstyret i Fjelberg vedtak om bruk av landsmål «ved all Brev og Bokføring i heradsstyrets Teneste».

Vedtak om nynorsk tenestemål vi Kvinnherad kommune går tilbake til 15.01.1922. Vedtaket vart fornya i 1932. Seinare har det ikkje vore sak å ta opp dette spørsmålet. Kvinnherad har med andre ord vore ein trufast nynorskkommune.

Overgangen til nynorsk skulemål finn vi alt i 1905 ( Fjelberg ) og 1907 ( Varaldsøy ). Skulemålet har vore nynorsk. Det har ikkje vore reist krav om målbyte. På 1970 talet var det rett nok språkdelt klassar på Husnes ungdomsskule. Det var eit lovmessig krav og hadde samanheng med den store industrireisinga på Husnes med auka tilflytting. Nynorsk kyrkjemål og bruk av nynorsk salmebok vart innført tidleg på 1900 talet. Vi finn formelle vedtak i Uskedalen i 1927 og i Kvinnherad kyrkje ( Rosendal ) i 1934.

## Målform

---

Kvinnherad kommune vedtok i møte 15.01.1922 at det offisielle styringsmålet i kommunen skal vera nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ har sidan vore plikta til å nytta nynorsk i tenesta.

### Språkpolitiske mål

- Skriftspråket, som vert nytta i kommunen, skal vera enkelt, variert og brukarvenleg
- Målforma skal byggja på det lokale talemålet. Målføret er svært viktig for den lokale kulturarven. Eit godt feste i ein dialekt styrkjer identitet og sjølvkjensle
- Det er ei viktig oppgåve å verna om kvinnhersmålet ved bruk av nynorsk skriftspråk

### Retningsliner for bruk av nynorsk tenestemål i Kvinnherad kommune

Målforma i Kvinnherad er nynorsk. Skriftspråket skal vera godt og variert, enkelt, klart og brukarvenleg. Vi vil at det vert nytta høfleg tiltale og eit skriftmål som ligg nær opp til god, offentleg nynorsk. Tilsette i Kvinnherad kommune skal i hovudsak nytta ei konsekvent språkligne og godkjend nynorsk. Der det finst valfrie former, bør vi bruka den forma som ligg nærast kvinnhersmålet. Ei tilråding om kva former vi nyttar, er teke med som vedlegg. Måten vi ordlegg oss på er utgangspunktet for eit flytande og lett språk. Det er best å bruka ein aktiv setningsbygning og ha ei ordrekkjefylgje som er vanleg i talemålet.

Vi brukar difor vanlege norske ord, ikkje framandord og utanlands ord, så sant det let seg gjera. Dette gjeld og fagord. Lokale ord og uttrykk, som til vanleg er i bruk i kommunen, bør brukast. Dialekten/målføre er ein viktig del av den lokale kulturarven. Det er difor ei sentral oppgåve å verna om dialekten gjennom bruk og ei medviten utvikling. Prøv å unngå for mykje substantivbruk og ein passiv setningsbygning.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna vert lagt i heimane, nærmiljøet, barnehagane og skulane. Det er difor ei viktig oppgåve å gjera desse medvitne om bruk av dialekt og nynorsk. Særleg er åra i barnehagane og dei fyrste åra i grunnskulen avgjerande. § 2 - 5 i Opplæringslova handlar om målformer i grunnskulen:

*« I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skuleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar».*

## Tiltak

---

### Informasjon

- I alle utlysingar skal det stå at tenestemålet i Kvinnherad er nynorsk
- Alle, som vert tilsette i Kvinnherad kommune, skal få informasjon om val av målform

### Opplæring

- Tilsette skal få tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk, t.d. ved bruk av «På Saklista, nynorsk språk- og dokumentlære for lokalforvaltninga» ( Fagbokforlaget ) Kursa er obligatoriske for dei som skriv og førebur saker og for alle leiarar
- Tilsette i skular og barnehagar skal gjera seg kjende med lokale tilhøve når det gjeld målform, dialekt og lokal kultur
- Alle einingane skal gjera seg kjende med nynorskterminologi innan sine fagfelt og formidla dette vidare i organisasjonen
- Tilsette i skular og barnehagar bør årleg få kunnskap og inspirasjon i høve til god nynorsk litteratur i skulen
- Sektorleiar for skule og oppvekst skal sjå til at det vert iverksett naudsynte tiltak som gjer skulane rusta til å gjennomføra tiltak slik planen syner

### Hjelpemidlar

- Målbruksplanen skal vera kjend for alle og tilgjengeleg på kommunen si heimeside
- Alle tilsette skal vera kjende med nynorskordlista på internett ( <http://nob-ordbok.uio.no> )
- Alle skal ha tilgang til »Nøkkel til nynorsk» av Olaf Almenningen, språknøkkel utgjeven av Dag og Tid
- Alle tilsette skal vera kjende med Norsk språkråd sine nettsider om skrivereglar og grammatikk
- Nynorsk rettskriving skal vera installert på alle datamaskinar
- Tilsette skal få sakkunnig hjelp i språkspørsmål. Kontaktpersonar i administrasjonen skal vera rådgjevarar i slike spørsmål

## Profilering og marknadsføring

- Målforma nynorsk skal brukast i all profilering av Kvinnherad kommune
- Nynorsk skal brukast i alle trykksaker, lysingar, plakatar, nettsider m.m.

## Materiell

- Kvinnherad kommune skal arbeida for at alle skjema, fakturaer og blankettar skal vera tilgjengelege på nynorsk
- Biblioteket skal til ei kvar tid ha eit godt og variert utval i skjønnlitteratur, tidskrifter og faglitteratur på nynorsk
- Skriftleg tilfang i skular og barnehagar skal vera på nynorsk å langt det let seg gjera

## Skular og barnehagar

- Skular og barnehagar skal så langt det let seg gjera bruka bøker, songar, rim og reglar på nynorsk i leik og opplæring
- Tilsette i skular og barnehagar skal oppmoda borna til å lesa bøker på nynorsk, og foreldra til å lesa nynorskbøker for borna sine
- Borna skal med jamne mellomrom få oppleva nynorske forfattarar og få tilbod om å delta i nynorske litteraturprosjekt
- Saman med biblioteket og mållaga i kommunen vert det lagt til rette for skrivekurs og andre skrivestimulerande tiltak

## Stadnamn

- Vegar, stader og bustadfelt skal ha namn som byggjer på lokal namnetradisjon

## Samarbeid

- Kvinnherad kommune skal vera medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)
- Det vert lagt til rette for samarbeid mellom mållaga i Kvinnherad for å fremja nynorsk i kommunen
- Kommunen skal i samarbeid med mållaga og næringsdrivande arbeida for god sprøkrøkt i lysingar, skilting og i annan marknadsføring
- Der kommunen deltek med løyvingar og andre ressursar i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor, kan kommunen stilla krav om bruk av nynorsk i alt informasjonsarbeid og i arbeid med marknadsføring

- Bruk **a- infinitiv**
- Bruk pronomenet **me** og **vi** slik det er best for deg
- Bruk **no**, ikkje nå
- Bruk **gjera**, ikkje gjøre
- Bruk **verta, vert, vart, har vorte**, ikkje bli, heller ikkje har vært
- Unngå det upersonlege ein. Bruk **eg** eller **vi/me** i staden
- Bruk norske ord, ikkje framandord,- så langt det let seg gjera
- Bruk ei ordrekkefylgje som er lik talemålet ditt
- Unngå for mykje bruk av substantiv. Døme: « Kommunestyret gjorde tilrådinga frå rådmannen til gjenstand for ei grundig vurdering». Skriv i staden: **Kommunestyret drøfta tilrådinga frå rådmannen**
- Bruk dobbel bunden form i t.d. «**Det vedteke budsjettet**», ikkje «**Det vedteke budsjett**»
- Unngå bruk av ord som byrjar med an-, be-, og ord som sluttar på – het, og - else
- Sjølvstendig bruk av refleksive verb i bokmål som t.d. Søknaden underskrives og sendes til kan ikkje brukast i nynorsk. Slike verb treng eit modalt hjelpeverb. Då vert det slik: **Søknaden vert sendt til** eller **Søknaden skal sendast til**.
- Bruk **og** eller **og dessutan** for samt
- Både finna og stad finst i nynorsk, men ikkje «finna stad». Det er henta frå bokmål «finne sted». Skriv heller **henda, skje, går føre seg**
- Bruk **alle** for samtlege
- Bruk **ovanfor** i tydinga det motsette av nedanfor. Det har ikkje noko å gjera med overfor, som kan nyttast jamsides med andsynes
- Skuldast finst i nynorsk og har same tydinga som på bokmål «anklages, beskyldes». Det svarar ikkje til bokmål skyldes. Vi skriv det **kjem av, det skriv seg frå, det har si årsak (sin grunn i, det botnar i)**
- Ordet «øvrig» finst ikkje i nynorsk og difor heller ikkje «dei øvrige» eller «for øvrig». Skriv **dei andre, hine, resten for «dei øvrige»**. Skriv **situasjonen elles** for «situasjonen for øvrig»
- Ordet «**einkvar**» er henta frå «enhver» på bokmål. Ordet finst ikkje i nynorsk. Vi har einkvar, men det tyder «ein eller annan»
- Eigeformene **min, din, sin, vår** bør koma etter substantivet. Døme: **Rådmannen er på kontoret sitt**